



Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag mandag 20.oktober kl. 18 på biblioteket

Til stades: Bjørg, Mette NV, Mette M, Gerd, Magnhild

Forfall: May

Sakliste

71/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og gjennomgang av vedtak frå forrige møte

Innkallinga godkjent, behov for nokre justeringar i høve aktivitetsplanen:

- Styremøte den 10.11., Bygdekvinnekveld den 11.11. er utsett.
- Syng med oss og førjulshygge den 9.12.
- Novemberqviss torsdag den 6. nov.

Mette NV justerer planen.

72/25 Bygdebrunsj –planlegging

Arbeidsliste er utforma, og oppgåver fordelt.

Arbeidsliste vert utdelt på årsmøtet.

Gratis inngang for alle.

Bjørg formulerar omtale om arrangementet i SN og i annonse.

73/25 Heidersbevis

Styret som avgjer kven som ev. er kandidatar til dette.

Leiar følgjer opp.

74/25 Førebuing til årsmøte på Fredheim i Fjørå

Orientering om rekneskapet slik det førebels ser ut, v/Gerd

Treng noko forklaring sidan ikkje alle inntektspostar for fjoråret vart registrert før rekneskapet vart avslutta, og dermed kjem med på årets rekneskap.

Gerd oppdaterar det som står att og kopierar utskrift til utdeling på årsmøtet.

Leiar førebur årsmelding og orienterte styret om korleis den vil bli utforma.

Bjørg ferdigstiller og kopierar i papirformat til utdeling på årsmøtet.

VBK sin logo bør vere med på desse dokumenta. Magnhild sender logoen som blir brukt.

Hugs: Elektronisk versjon av årsmelding og rekneskap må sendast til skrivar.

75/25 Økonomi i laget og for olsokarrangement

Oversikt over konti og økonomistatus er ok, inntekt frå olsoklotteriet manglar førebels

76/25 Framdrift av «Prosjekt skulekjøkken»

Liste over ønska utstyr er utforma, og det er grovt skissert kva kostnad det medfører.

Det meste er grunnleggande utstyr som er nødvendig å ha på eit kjøkken og som i dag er mangelfullt.

Mette NV og Solveig følgjer opp; korleis innkjøpet skal handterst.

77/25 Samarbeidsprosjekt «Benkar i sentrum»

Det er ytra ønskje om å sette ut benkar på sentrale stader i sentrum der folk ferdast.

Det bør vere eit samarbeid med fleire friviljuge lag om dette, Frivilligsentralen må følgje opp saka vidare.

Styret stiller seg positive til å inngå eit samarbeid om dette.

78/25 Kurs/temakveld

Saka vart diskutert, kjem attende til dette på nyåret.

79/25 Søknad om midlar

Fleire prosjekt under planlegging som det kan utformast søknad om midlar på.

Kasserar ser på aktuelle firma som ein ev. kan kontakte.

80/25 Dato for neste Bygdekvinnekveld

Førjulshygge den 9.12. blir neste bygdekvinnekveld.

Styret har ansvar for dette arrangementet.

- Årsmøte 28.oktober og neste styremøte vert 10.november.
- Stand på eigenberedskapsveka.
Stiller på med 1 person frå styret mellom 15-16

Mette NV stod for serveringa denne kvelden; gode vaflar med jordbær, rømme og brunost i tillegg til Gunnar sin kaffe! Tusen takk!

Møtet slutt kl.20.15

Magnhild
skrivar